

Adressatar



Molde 5 mars 2024

## PRESSEMELDING

### **Turparkeringsavgifta på Fursetfjellet i Gjemnes kommune er ulovleg.**

FNF Møre og Romsdal bryr seg også om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftsløvslov. Vi har i dei seinaste åra observert at det blir meir og meir avgiftsparkering ved startpunkter for turstier og skiløyper i fylket vårt. FNF Møre og Romsdal har til hensikt å følgje opp avgiftene ved turparkeringane i fylket. Dette då vi ønskjer at parkeringa ideelt sett skal vere gratis, sekundært må det vere ei lavast mogeg lovleg avgift som er heimla i friluftsløvslova og parkeringsforskrifta.

I uttale om turparkeringsavgifta på Fursetfjellet av 1. mars 2024 har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal mellom anna sagt; « *Av friluftsløvslova §24 går det fram at for behandling av saker etter § 14 gjeld reglane om enkeltvedtak i forvaltningslovas kapittel IV, V og VI. Kommunen må altså fatte eit enkeltvedtak om betalingsordninga som skal oppfylle krava knytt til varsling, utgreiings- og informasjonsplikt, grunngiving, underretning, samt gje klagerett. Det er ikkje tilstrekkeleg med ein avtale mellom Gjemnes kommune og Batnfjorden idrettslag. Vi kan ikkje sjå at Gjemnes kommune har fatta eit vedtak som oppfyller kravet til friluftsløvslova og forvaltningslova. For at betalinga skal bli lovleg må difor kommunen fatte eit slik vedtak.*»

**FNF Møre og Romsdal vil med dette formidle at slik stoda er no på den statleg eigde parkeringsplassen på Fursetfjellet i Gjemnes kommune, seier Statsforvalteren at det ikkje er lov å ta nokon parkeringsavgift der.**